



Det kongelige kommunal- og regionaldepartement

Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
06/00491-3/010 &00

Dato:
18.09.2006

Framlegget til endringar i vallova - høyringsuttale frå Selje kommune.

Det vert vist til høyringsnotat, utsendt frå departementet 20. juni 2006 – Dykkar ref. 06/1592-2 SDA, for endringar i vallova.

Formannskapet i Selje kommune handsama høyringsnotatet i møte 13.09.06, sak PS 088/06.

Selje kommune sine uttaler til endringsframlegget går fram av sakshandsaminga og av formannskapet sitt vedtak. Utskrift av møteboka frå formannskapet, sak PS 088/06 følgjer vedlagt.

Med helsing



Svein Dam-Nielsen
Sakshandsamar

SELJE KOMMUNE

Styre, råd, utval	Møtedato	Saknr
Formannskapet	13.09.06	PS 088/06

Sakshandsamar	Løpenr.	Arkiv	Arkivsak
Svein Dam-Nielsen	2186/06	010 &00	06/00491-2

Endringar i vallova - høyringsuttale.

I Høyringsnotat med forslag til endringar i valgloven Det kongelige kommunal- og regionaldepartementet

Saka gjeld

Uttale til framlegg om endringar i vallova.

Opplysninger til saka

Dei føreslåtte endringane i vallova er:

1. Kommunen v/valstyret sørger for at det vert sendt ut valkort til alle røysteføre som er manntalsførde i kommunen, og som har bustadsadresse innanriks (unnateke Svalbard og Jan Mayen).
2. Perioden for førehandsrøysting skal avsluttast siste torsdagen før valdagen innanriks, og fredagen ei veke før valdagen utanriks.
3. Frist for å søke om å få røyse ved ambulerande røystemottaking må ikkje setjast seinare enn siste torsdagen før valdagen.
4. Førehandsrøystene må vere komne inn til valstyret innan kl. 20 første tysdagen etter valdagen.
5. Velgjar som er ukjent for røystemottakar, skal legitimere seg. Dersom velgjaren ikkje har legitimasjon, kan identiteten stadfestast av ein annan person over 18 år som legitimerer seg.
6. Førebels oppteljing skal føretakast ved manuell teljing av røystesetlane. Førebels oppteljing av røystesetlane kan likevel gjennomførast ved eit edb-teknisk system dersom det vert nytta ei anna system enn ved den endelege oppteljinga.
7. Kontrollteljing av røystesetlane pga. avvik mellom førebels og endeleg oppteljing skal føregå manuelt.
8. Førebels oppteljing av røystesetlar avgjevne på førehand kan starte søndag før valdagen.

I tillegg ønskjer departementet høyringsinstansane sine syn på

- a) skjæringsdatoen for manntalet: kan skjæringsdatoen forskyvast frå 31. mai til 30. juni i valåret utan at dette vil gjere det vanskeleg å sende ut valkort?
- b) Val og politiske meiningsmålingar: bør det innførast restriksjonar når det gjeld media sitt løyve til å publisere meiningsmålingar dei siste dagane før valdagen?

Desse siste to punkta har ikkje departementet utforma framlegg til lovreglar for, men er likevel interesserte i å høyre høyringsinstansane sine syn på dei prinsipielle spørsmåla før ein lagar ei eventuell utgreiing med sikte på å utforme konkrete lovreglar.

Høyringsfristen er sett til 20. september 2006.

Sakshandsamar si vurdering

Då det ikkje ligg noko konkret framlegg til lovtekst når det gjeld skjæringsdatoen og for offentleggjing av meiningsmålingar, har sakshandsamar ikkje teke dette med i framlegget til høyringsuttale.

Når det gjeld dei konkrete endringsframlegga (punkta 1 – 8) ovanfor, føreslår sakshandsamar følgjande uttale frå Selje kommune:

FØREHANDSRØYSTING

Valkort.

Til § 2-3 Overskrifta til paragrafen lyder i dag: Valgstyrets ansvar for å føre manntall. Denne er føreslått å endrast til: Valgstyrets ansvar for å føre manntall **og å sende ut valkort.**

I samsvar med dette er det føreslått eit nytt tredje ledd i paragrafen: **Valgstyret skal sørge for at det blir sendt ut valkort til alle stemmeberettigede som er innført i manntallet i kommunen og som har bostedsadresse innenriks (unntatt Svalbard og Jan Mayen).**

§ 2-9 er føreslått endra slik at det vert eit nytt underpunkt c. Paragrafen vil etter endringa lyde:

Departementet kan i forskrift gi bestemmelser om

- a) manntallsføringen og valgstyrets behandling og oppdatering av *manntallet*
- b) tilgang til og bruk av manntallseksemplarer og
- c) *produksjon, utforming, utsendelse og bruk av valkort.*

I dag er det § 8-6 som seier noko om valkort: *Departementet kan gi forskrift om*

- a) *gjennomføring av forhåndsstemmegivingen og*
- b) *utforming og bruk av valkort.*

Valforskrifta §§ 22 og 23 har bestemmelsar om utforming og bruk av valkort. I dag skal røystemottakar innanriks skrive ut valkort til røystegjevar som skal førehandsrøyste. Valkortet skal fyllast ut slik at det ut frå opplysningane i kortet er mogeleg å identifisere røystegjevaren. Vidare skal det gå fram av kortet kva for val det gjeld. Kortet skal og innehalde felt for identifisering av røystegjevaren (med unntak av fødselsnummeret), og felt der røystemottakaren kan datere og signere for røystemottaket. Kortet kan og innehalde opplysningar om kvar røystegjevaren skal møte opp for røystegjeving på valdagen.

Siste gongen valkort vart sendt ut til røystegjevarane i Selje kommune var ved stortingsvalet i 2001. Ved dei to siste vala har ein ved førehandsrøystinga nytta dei mogelegheitene som ligg i dataprogrammet for valoppgjeret til å skrive ut valkort når røystegjevaren kjem for å røyste.

Ved valet i 2003 viser manntalet at det var 2200 røysteføre i Selje kommune. Tilbod frå leverandøren av dataprogrammet for trykking av valkort var kr. 1,50 + porto kr.1,00 pr. kort. Det vert ein kostnad på kr. 5.500,-. For å kunne nå dei manntalsførte, må kommunen sende korta ut. Porto vil vere kr. 6,50 pr. stk., ein kostnad på kr. 14.300,-. I tillegg kjem kostnadene ved konvoluttane korta skal sendast ut i. Totale kostnader ex. konvoluttar vil for Selje kommune då verte om lag kr. 20.000,-. Dei administrative kostnadene til kommunen er ikkje medrekna her.

Høyringsutkastet har ikkje noko framlegg om at staten skal refundere desse meirkostnadene til kommunane.

Manglande utsending av valkort har vore kommentert av ytterst få velgjarar, og dei som har kommentert det, har vore slike som skal røyste andre stader enn i heimekommunen. Slik ordninga har fungert de siste to åra, har det ikkje vore noko problem med korkje førehandsrøystinga eller røystinga på valdagen. Opplysningar om kor den einskilde skal røyste på valdagen vert kunngjort i lokalavisene, noko som må gjerast anten valkort er sendt ut eller ikkje.

Sjølv om det ikkje har vore noko obligatorisk krav om det, har nokre kommunar likevel sendt ut valkort til sine røysteføre innbyggjarar.

Ein kan såleis ikkje sjå at innføring av obligatorisk utsending av valkort vil medføre at flerie røysteføre møter opp ved urnene, eller at valet vert gjennomført på ein tryggare eller lettare måte. Ut frå den generelt dårlege kommuneøkonomien bør ein ikkje lovfeste ordningar som medfører auke i kommunane sine valkostnader.

Konklusjon: Det er ikkje naudsynt å lovfeste eit obligatorisk krav om utsending av valkort. Den ordninga vi har i dag fungerer heilt tilfredsstillande.

Perioden for førehandsrøysting.

Det er framlegg om at perioden for førehandsrøysting innanriks skal avsluttast siste torsdag før valet, og utanriks og på Svalbard og Jan Mayen nest siste fredag før valdagen. Grunngevinga for dette er at ein må vere viss på at førehandsrøyster som må postsendast mellom kommunane kjem fram i tide.

Etter dagens reglar sluttar perioden innanriks siste fredag før valdagen.

Slik posten fungerer i dag, kan det synest fornuftig å avslutte førehandsrøystinga slik den er foreslått.

Konklusjon: Ein kan ikkje sjå noko som skulle hindre at førehandsrøystinga vert avslutta som foreslått.

Søknadsfristen for ambulerande røystegjeving.

Slik regeleverket er i dag, bestemmer valstyret i den einskilde kommune når søknad om å få nytte ambulerande røystegjeving må vere komen inn til kommunen, men lova bestemmer at fristen må settast til mellom tysdag og fredag siste veka før valet.

I følgje endringsframlegget skal valstyret framleis bestemme når søknad må vere komen inn, men i tråd med endringa for perioden for førehandsrøysting, vert det foreslått at fristen må setjast til mellom tysdag og torsdag siste veka før valet.

Konklusjon: Ein kan ikkje sjå noko som skulle hindre at søknadsfristen for ambulerande røystegjeving vert endra som foreslått.

Legitimering av røystegjevar ved førehandsrøystinga.

Eksisterande lovttekst seier i § 8-4 nr. 3 at "Stemmemottaker kan forlange at velgeren legitimerer seg".

§ 8-4 nr. 3 vert føreslått endra til: "Velger som er ukjent for stemmemottaker, skal legitimere seg. Dersom ikke velgeren har legitimasjon, kan velgerens identitet i stedet bekreftes av en annen person over 18 år som legitimerer seg".

I departementet sine vurderingar for endringa i § 8-4 nr. 3 går det fram at reglane vert praktiserte forskjellig ved førehandsrøysting og på valdagen, og at praksis også varierer frå kommune til kommune.

Internasjonale valobservatørar overvåka stortingsvalet i 2005. I deira rapport vart det tilrådd å innføre eit obligatorisk krav om at røystegjevarane legitimerer seg.

Som departementet seier, er det ein grunnleggjande regel i eit demokratisk samfunn at kvar røysteføre person berre får godkjent ei røyst. Eit effektivt middel for å sikre dette, vil vere å innføre eit krav om at velgjarane må legitimere seg. Innføring av ein obligatorisk legitimeringsordning vil og kunne hindre at det vert juksa ved valet.

Når departementet føreslår at det vert eit krav om at **ukjende** velgjarar skal legitimere seg, er det for røystemottakarane velgjarane skal legitimere seg. Det er mange røystemottakarar ved eit val, og røystegjevaren har ingen garanti, sjølv på små stader, for at røystemottakaren kjenner akkurat han/henne. For då å vere "på den sikre sida" bør han/ho ta med seg legitimasjon ved røystegjevinga. Det kan og tenkast at røystemottakaren (og kanskje også røystegjevaren) vil føle seg ille til mote ved å gjere til kjenne at vedkomande ikkje veit kven røystegjevaren er (at han/ho ikkje er kjend).

For å unngå slike situasjonar, og avdi ein ikkje veit når ein vil kunne bli spurd etter legitimasjon, bør ein følgje tilrådinga frå valobservatørane ved valet i 2005.

Og – når ein røystegjevar må rekne med ikkje å verte gjenkjent, må/bør han/ho ha med seg legitimasjonsdokument til vallokalet. Og då kan ein like godt gjere legitimasjonsplikta obligatorisk anten vedkomande vert gjenkjent eller ikkje.

Det at ein røystegjevar manglar legitimasjon, og må be om hjelp av ein annan person for å legitimere seg, vil på ingen måte sikre mot valjuks. Dessutan er det ikkje sikkert at det er nokon i vallokalet som kan identifisere den personen som slik treng å legitimere seg.

Det er ikkje mange i dag som ikkje har ein eller annan form for legitimasjon på seg, og er det nokon som ikkje har slik legitimasjon, er det ikkje vanskeleg å skaffe seg slik. Kostnadene ved å skaffe seg legitimasjon vil ikkje vere særleg store for den einskilde.

Konklusjon: § 8-4 nr. 3 børe endrast slik at det vert eit obligatorisk krav at røystegjevaren skal legitimere seg for røystemottakaren anten han/ho kjenner røystegjevaren eller ikkje. Regelen om at røystegjevaren kan få hjelp av ein annan til å identifisere seg, bør fjernast. Kva som vil vere gyldig legitimasjon kan fastsetjast i forskriftene til vallova.

Bestemmelse om forskrift.

§ 8-6 seier slik bestemmelsen er formulert i dag: "Departementet kan gi forskrift om

- a) gjennomføringen av forhåndsstemmegivingen og
- b) utforming og bruk av valkort.

På bakgrunn av endring i reglande om valkort vert denne paragrafen føreslått endra til: "Departementet kan gi forskrift om gjennomføringen av forhåndsstemmegivingen".

Ettersom ein meiner at det ikkje bør innførast ei ordning med obligatorisk utsending av valkort, og ordninga med valkort bør fungere slik den er i dag, vil det ikkje vere trong for å endre denne paragrafen.

Konklusjon: I merknadene ovanfor har ein gjort til kjenne at ein meiner det ikkje bør innførast ei ordning med obligatorisk utsending av valkort, og at reglane om dette bør ut av endringsframlegget. Det vil difor ikkje vere trong for å endre vallova § 8-6.

VALTING

Legitimering av ukjend røystegjevar.

Vallova § 9-5 nr. 2, andre setning, har tilsvarande ordlyd som § 8-4 nr. 3 når det gjeld legitimering av ukjend røystegjevar ved førehandsrøystinga.

§ 9-5 nr. 2 vert føreslått til å innehalde same ordlyd som føreslått for § 8-4 nr. 3.

Kommentarane og konklusjonen vert difor dei same som ovanfor for § 8-4 nr.3.

Godkjenning av førehandsrøyster.

Vallova § 10-1, litra g seier at ei førehandsrøyst skal godkjennast dersom ho er komen inn til valstyret innan kl. 20.00 på valdagen.

Endringsframlegget endrar dette tidspunktet til kl. 20.00 første tysdagen etter valet.

Grunngjevinga her er den same som for framlegget om å avslutte førehandsrøystinga torsdagen før valet istaden for fredagen: postgangen, og eit ønske om at så mange førehandsrøyster som mogeleg skal kunne nå fram i tide.

Framlegget her medfører at ein får 2 dagar meir i postgangen. Ein annan konsekvens av dette endringsframlegget er at det endelege valresultatet ikkje vil verte klart før tidlegast eit døgn etter at vallokala stenger valdagen. Dette igjen fører til at valfunksjonærane må vere i arbeid også på tysdagen, med kostnadsauke som resultat.

Ein kan skjønne at sein postgang gjer at ein vil forlenge fristen slik at ein sikrar at dei aller fleste førehandsrøystene kjem fram dit dei skal. Men sjølv om postgangen i Noreg har vorte vesentleg dårlegare dei siste åra, så kan den ikkje vere så dårleg at ein treng to dagar for å nå fram. Dersom ein er redd for at ein dag er for lite, bør ein setje fram eit krav om at førehandsrøyster skal sendast som A-post eller på annan og hurtigare måte.

Konklusjon: Det bør vere eit allment krav at valresultatet vert klart så tidleg som mogeleg valdagen. Når førehandsrøystinga vert avslutta torsdag før valdagen, vil røystene ha fredag, laurdag, søndag og måndag for å kome fram. Dette skulle ein tru posten skulle kunne klare. Ein kan såleis ikkje sjå at det er trong for å utvide fristen for mottak til første tysdagen etter valet. Fristen bør framleis vere valdagen kl. 20.00.

Teljemåten for røyster.

Vallova § 10-4 nr. 5 seier at røystesetlane skal teljast opp i to omgangar, ei førebels og ei endeleg oppteljing.

Endringsframlegget utvidar denne regelen ved å seie at førebels oppteljing skal føretakast ved manuell teljing, men at oppteljinga kan føregå ved hjelp av eit edb-teknisk system dersom det

vert nytta eit anna system ved den førebels oppteljinga enn det som vert nytta ved den endelege oppteljinga.

I eit nytt pkt. 6 vert det føreslått at "Dersom det gjennomføres en kontrolltelling av stemmesedlene grunnet avvik i resultatet av den foreløpige og den endelige opptellingen, skal denne tellingen foregå manuelt".

Denne utvidinga av § 10-4 er føreslått for å sikre at oppteljinga vert så riktig som mogeleg, og at ein ikkje vert offer for systemfeil.

Konklusjon: Ein ser ikkje noko til hinder for at vallova § 10-4 vert utvida som føreslått.

Tidspunktet for start av førebels oppteljing.

Vallova § 10-5 nr. 1 seier at førebels oppteljing av førehandsrøyster skal starte seinast fire timar før røystegjevinga er avslutta ved samtlege vallokal i kommunen, dersom dette kan skje utan å stride mot prinsippet om hemmeleg val.

Endringsframlegget går ut på at slik oppteljing **kan** starte søndag før valet og **skal** starte seinast fire timar før røystegjevinga er avslutta ved samtlege vallokal i kommunen.

Det er såleis opp til kvart valstyre å bestemme om oppteljinga skal ta til søndagen. Ved så tidleg oppteljing, kjem valfunksjonærane i arbeid tidlegare enn i dag, noko som vil få økonomiske konsekvensar. På den andre sida vil arbeidsbelastninga for valfunksjonærane verte javnare fordelt. Ein annan konsekvens er at faren for at valresultatet kan lekke ut vil vere større enn med dagens ordning. Men også med dagens ordning er faren for lekkasjer tilstades.

Konklusjon: Ein kan ikkje sjå store problem med å utvide tidspunktet for starten av førebels oppteljing av førehandsrøyster til søndagen før valdagen.

Konklusjon

Høyringsuttalen vert godkjent slik den framgår av sakshandsaminga ovanfor.

Saksgang

Av omsyn til høyringsfristen vert saka avgjort av formannskapet.

Tilråding

Framlegget til høyringsuttale vert godkjent slik den framgår av sakshandsaminga ovanfor.

Handsaming i Formannskapet - 13.09.2006:

Vedtak

Som tilrådinga utanom to punkt:

- Legitimering av røystegjevar ved førehandsrøysting
- Legitimering av røystegjevar ved valtinget.

Der formannskapet framleis vil ha eksisterande lovtekst i vallova.
Samr.

Utskrift til: Sakshandsamar for effektivering.